

Plast- forbruket må ned!

Verdas
Miljødag

SV

Plastforbruket må ned!

Vi fyller havet med små og store plastbitar; eit aukande problem, både for dyrelivet og oss sjølve. Dersom vi ikkje endrar måten vi produserer, forbrukar og behandler plast på, vil det i 2050 vere meir plast enn fisk i havet.

I mellomtida er kommunen ein viktig aktør i arbeidet mot plastforureining, mellom anna som innkjøpar, som forureiningsmynde, og som ansvarleg for avløps- og avfallshandtering.

Vi treng tiltak som fører til minst mogleg plastbruk, mest mogleg gjenvinning, minst mogleg plastforsøpling, og som kuttar klimagassutslepp frå plastproduksjon og avfallshandtering så raskt som råd. Det hastar, av omsyn til livet i havet, og i neste omgang til oss menneske.

SV meiner at kommunen må:

- Fange opp alle plastpartiklar før avløpsvatnet blir sleppt ut i fjorden
- Ha kantiner og arrangement utan eingongsplastprodukt
- Etterspørje resirkulert plast og gjenbruke all plast som blir brukt
- Bygge leikeplassar i barnehagar og parkar med organisk materiale, ikkje med plast/gummidekke
- Unngå tekstilar/uniformar laga av tekstilar basert på plast (til dømes polyester)
- Rehabilitere kunstgrasbanar utan bruk av gummigranulat

